



Løyve til dumping av steinmassar Kinsarvik gnr. 141, bnr. 1, Kinsarvik Båtlag

Fylkesmannen gjev Kinsarvik Båtlag løyve til dumping av steinmassar med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeven på grunnlag av opplysningar i søknad av 16. mai 2015 og opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden. Løyvet gjeld ikkje før bygjeløyve for tiltaket er gjeve av Ullensvang herad.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei melding til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2015.0556.T	1231.0036.01	4

Bedriftsdata

Bedrift	Kinsarvik Båtlag
Postadresse	Postboks 100, 5781 Kinsarvik
Kommune og fylke	Ullensvang, Hordaland
Org.nummer	979894341

Løyvet gjeven: 1. oktober 2015	
Silje Tingstad overingeniør	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

¹ Jf. forureiningsforskriftas kapittel 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forureiningslova

1. Kva løyvet gjeld

1.1 Omfang

Løyvet gjeld dumping av ca. 30 000 m³ steinmassar i sjø på om lag 2 200 m² sjøbotn ved eigedom gnr. 141, bnr. 1 i Kinsarvik. Steinen vert henta frå Statens vegvesen sitt prosjekt ved rv. 13 og skal nyttast til å utvida eksisterande molo med 30 meter.

Masser kan dumpast i samsvar med byggjeløyve som må innhentast frå Ullensvang herad etter plan og bygningslova.

Av omsyn til gytefelt for torsk, anadrom laksefisk i Kinso og fare for forureining av mykje nytta område ved utløpet av Kinso kan steinmassar ikkje dumpast i tidsrommet 1.februar – 31. august. Dumping skal heller ikkje skje dersom låssettingsplass nær tiltaksområdet er i bruk, jf. krav frå Fiskeridirektoratet

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 16. mai 2015 med mindre anna er avtala med Fylkesmannen. Fylkesmannen skal varslast når arbeidet vert sett i gong.

2.2 Ansvar

Kinsarvik Båtlag er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørgje for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig kalle løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

2.5 Kulturminner i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.6 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet fritenk ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining. (nødnummer 110)

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike fall på fmhopostmottak@fylkesmannen.no

4. Avbøtande tiltak under dumping

4.1 Miljømål

Utfylling/dumping skal ikkje føre til spreining av forureining eller steinstøv i ein slik grad at det kan vera skadeleg for miljøet i resipienten eller medføre visuell forureining av sjø eller strender.

4.2 Kontroll av massar for dumping og utfylling

Det skal berre nyttast reine steinmassar til dumping/utfylling. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse dumpast. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprenging skal ikkje hamne i sjøen.

4.2 Utsleppsavgrensingar

Av omsyn til gytefelt for torsk, anadrom laksefisk i Kinso og fare for forureining av mykje nytta område ved utløpet av Kinso kan steinmassar ikkje dumpast i tidsrommet 1.februar – 31. august. Dumping skal heller ikkje skje dersom låssettingsplass nær tiltaksområdet er i bruk, jf. krav frå Fiskeridirektoratet.

Dumping skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale eller anna forureining i minst mulig grad blir spreidd til sjø og land.

Dersom det oppstår unormale forhold som har ført eller kan føre til forureining, skal Kinsarvik Båtlag straks melde frå til Fylkesmannen.

5. Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mulig utan urimelige kostnader eller ulemper, å unngå at det dannast avfall som følgje av tiltaket. Særlig skal innhaldet av skadelige stoffer i avfallet reduserast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørgje for at alt avfall, også farlig avfall, vert handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsatt i eller i medhald av forureiningslova, spesielt avfallsforskrifta.

6. Overvaking og rapportering til Fylkesmannen

6.1 Plan for overvaking

Kinsarvik Båtlag skal lage ein plan for overvaking av tiltaket. Det skal føres loggbok. Kopi av loggboka skal følgje som vedlegg til sluttrapporten

6.2 Rapport frå sluttkontroll

Kinsarvik Båtlag skal sende rapport til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt dumpa (i m³ eller tonn).
- Plassering av dumpemassane (kart med posisjon og UTM-koordinatar)
- Oversikt over eventuelle avvik fra løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk
- Vurdering av tiltakets miljøpåverknad.
- Kopi av loggbok

7. Tilsyn

Kinsarvik Båtlag plikter å la representantar for forureiningsmynde føre tilsyn med anlegget når som helst.



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon
Magne Nesse, 55 57 23 35

Vår dato
1.10.2015
Deres dato
16.5.2015

Vår referanse
2015/11072 461.5
Deres referanse

Kinsarvik Båtlag
Postboks 100
5781 Kinsarvik

Løyve til dumping av steinmassar i Kinsarvik, Kinsarvik Båtlag

Fylkesmannen i Hordaland gjev Kinsarvik Båtlag løyve til dumping av ca. 30 000 m³ steinmassar. Formålet med tiltaket er å utnytta overskotsmassar frå vegprosjekt til å forlengje molo på eigedom gnr.141, bnr. 1 i Kinsarvik. Løyve er gjeve med heimel i forureiningsforskrifta § 22-6.

Vi viser til søknad datert 16. mai 2015. Søknaden er datert 16. mai 2015 og vart sendt Ullensvang herad, som vidaresendte den til Fylkesmannen som rett mynde den 24. august 2015.

Søknaden

Kinsarvik Båtlag søker om løyve til dumping av ca. 30 000 m³ overskotsmassar frå Statens vegvesen sitt vegprosjekt på Rv. 13 (rassikring Deildo). Formålet med tiltaket er å utvide eksisterande molo i båthamna på eigedom gnr. 141, bnr. 1. Massane skal dumpast med lekter frå sjø. Siste del av utfyllinga (over minus fire) skal skje frå land. Djupn på dumpestaden er frå 0 til 35 meter og eit areal på ca. 2 200 m² sjøbotn vert tildekka. Gjennomføring er avhengig av Statens vegvesen sin framdrift for vegprosjektet. Forventa oppstart er tidligast i vinteren 2016 med juni 2018 som truleg sluttdato.

Høring

Tiltaket er av avgrensa omfang. Vi anser ikkje tiltaket for å ha vesentleg betydning for andre enn offentlege organ. Søknaden er derfor ikkje kunngjort offentlig, men sendt på høyring til Ullensvang herad, fiskerimynde og Bergen Sjøfartsmuseum.

Ullensvang herad (21. september 2015): Moloen som no skal forlengjast er teikna inn i reguleringsplan som vart vedteke 1993, og heradet meiner at gjeldande plan er tilstrekkeleg for å handsama byggjesøknad etter plan- og bygningsloven for dette tiltaket. Tiltaket er i samsvar med hamne- og farvasslova. Heradet meiner at det ikkje er grunn til å tru at sedimenta er forureina. Heradet meiner at det må takast omsyn til fisk i Kinso.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum (10. september 2015): Museet kjenner ikkje til marine kulturminner som kan verte påverka av tiltaket. Museet viser til den generelle plikta etter kulturminnelova om augeblikkeleg stans i arbeid og varsling til kulturminnestyresmakta dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert.

Fiskeridirektoratet (28. august 2015): Fiskeridirektoratet viser til at tiltaksområdet ligg nær gyteområde for torsk og låssettingsplass for brisling. Ut frå omsyn til fiskeinteressene i området, som kan verta påverka av partiklar i vatnet frå dumpinga, så tilrår dei at det ikkje vert tillate å dumpa massar i perioden februar – mai og når låssettingsplass for brisling eventuelt vært nytta. Brislingfisket skjer i perioden august – november. Ut frå informasjon i Fiskeridirektoratets kartinnsynsløysning er låssettingsplassen mykje i bruk når fisket skjer i desse delane av Hardangerfjorden.

Grunngjeving for løyvet

Dumping i sjø er ikkje lovleg med mindre det føreligg løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 22, jfr. § 22-6. Fylkesmannen er mynde etter forskrifta.

Fylkesmannen kan ikkje gje løyve etter forureiningslova dersom dette er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova, med mindre vi har samtykke frå planmynde, som er Ullensvang herad. I følgje uttale frå Ullensvang herad gjev heradet slikt samtykke, men seier at løyvet ikkje kan takast i bruk før byggjesøknad er godkjend av heradet.

Når forureiningsmynde avgjer om løyve skal gjevast og fastset nødvendige avbøtande tiltak (vilkår), skal det leggjast vekt på ulemper som følgje av forureining ved tiltaket samanlikna med dei fordeler og ulemper som tiltaket vil medføra. Prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde. Løyver som kan ha innverknad på sjø og ferskvatn skal også vurderast etter vassforskrifta.

Tiltak som gjev dårlegare miljøtilstand i ein vassførekomst er ikkje lov med mindre det kan gjevast unntak, jf. vassforskrifta § 12. I denne saken legg Fylkesmannen til grunn at det vil være eit midlertidig tiltak og at resipienten vil gjenopprettast når påverknaden stansar. Variasjonar i tilstanden til vassførekomstar som følgje av anleggsarbeid kan det gjevast unntak for. Dette følger av rettleiing¹ til vassforskrifta.

Det er ikkje teke prøver av sjøbotn der det skal fyllast ut. Krav om sedimentundersøkingar kan utelatast, dersom det ikkje er kjende forureiningskjelder i nærleiken. Det er innhald av tungmetall og organiske miljøgifter i botnsedimenta som skal undersøkast. Typiske forureiningskjelder er skipsverft, industri og gamle avfallsdeponi med utslepp av miljøgifter. Ullensvang herad stadfestar søkjars oppfatning at det ikkje er eller har vore slike utslepp. Fylkesmannen meiner ut frå dette at det ikkje er grunn til mistanke om at sjøbotn der moloen skal etablerast er forureina av miljøgifter.

Massane frå vegprosjektet som skal dumpast kan innehalde steinstøv, jord og anna forureining (plastfibre frå sprenginga) som vil kunne bli spreidd når dette blir dumpa i sjøen.

Søklar ønskjer å nytte massar frå Statens vegvesen sitt rassikringsprosjekt på Rv. 13 ved Deildo. Etter Fylkesmannens opplysningar skal Rv 13. rassikrast og utvidast med tiltak på eksisterande veg i dagen. I følgje Statens vegvesens rapport² er massane som skal fjernast av svært varierende kvalitet. For nokre parsellar langs rv. 13 omtalast fjellet som så oppsprukke at det "er på grensa til jord". Dersom slike massar blir dumpa så vil det kunne medføra forureining av strender og sjø, og at massane ikkje har verdi som stabile fyllmassar.

¹ Veileder om unntak fra miljømål. Guidance Document No. 20 – Technical Report – 2009 - 027

² Plan rapport rv 13 Deildo – Statens vegvesen 18. mai 2011

Fylkesmannen forutset at Kinsarvik Båtlag har ein avtale med Statens vegvesen om kva slags massar som kan nyttast til utfylling/dumping, og at det tas omsyn til potensiell forureining frå desse massane. Massane bør utsorterast slik at massane som nyttast er brukbar til molo og inneheld minst mogeleg finstoff. Fylkesmannen gjer oppmerksom på at løyvet kan nyttast sjølv om det ikkje vert nytta massar frå dette prosjektet. Føresetnaden er at det vert nytta reine steinmassar.

Tiltaket skjer ved utløpet til elva Kinso, som har oppgang av laks og sjøaure. Fisk kan ta skade av for høg konsentrasjon av partiklar i vatnet, som følgje av eventuelt finstoff som følgjer med steinmassane som dumpast. I følgje Fylkesmannens fiskeforvaltar er kritisk periode for sjøaure i Kinso frå mai til ut august. Blakking av sjøvann som følgje av finstoff medfører også ei estetisk forureining av sjøen, og denne forureininga er meir sjenerande i sommarmånadene då sjøområda vert mest nytta. Det visast til at området ved utløpet til Kinso er eit mykje nytta av turistar og fastbuande (Mikkelparken, Hardangertun Hytter og Familiepark). I tillegg ønskjer Fiskeridirektoratet at utfylling/dumping ikkje skjer i perioden februar – mai av omsyn til gytefelt for torsk, samt i dei høva låsettingsplassen for brisling vert nytta.

Ut frå desse omsyna så set Fylkesmannen som vilkår om at dumping/utfylling av steinmassar ikkje kan skje i perioden 1. februar – 31. august. I perioden 1. september – 31. januar kan dumping/utfylling av steinmassar skje når låsettingsplass for brisling ikkje er i bruk.

Dumping av ca. 30 000 m³ masser over ett areal på 2 200 m² vil sjølvsagt påverke sjøbotn og artsmangfoldet negativt. Søk i databasen Naturbase og Artsdatabase 1. oktober 2015 viser ingen treff av utvalgte naturtyper, prioriterte arter eller verneområder på eller i nærleiken av tiltaksområdet i sjø. Dumpeområdet har ikkje kjende viktige marine verdiar som korallrev eller tareskog.

Det er god ressursbruk å nytta overskotsmassar frå vegprosjekt til samfunnsnyttig utfylling. Fylkesmannen meiner derfor ut ifrå samfunnsøkonomiske vurderingar at det må tillatast å dumpe steinmassane slik det er søkt om.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vurderast som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivareteke ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Risikoklasse

Ut frå opplysningane gjeve i søknaden plasserer Fylkesmannen tiltaket i risikoklasse 4. Klassifiseringa er eit uttrykk for risikoen og er avhengig av forventa forureining frå tiltaket. Risikoklassen er gradert fra 1 til 4, der 1 er høgast risiko. Risikoklassen angir og forventa ressursbruk og gebyrsats ved eit eventuelt tilsyn, jf. forureiningsforskrifta § 39-6.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av dei opplysningane som ble gjeven i søknaden og at Fylkesmannen bruker små ressursar på saken, tek vi gebyr etter sats 4 (lågaste sats), 21 000 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftlig sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56.

Rett til å klage

De har fått løyve til dumping. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats og plassering i risikoklasse, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skriftleg grunna, og den skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Silje Tingstad
overingeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi med vedlegg:
Ullensvang herad
Fiskeridirektoratet
Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum